

Sak 01a) Godkjenning av innkallingi

Innkallingi og informasjon om det 74. Landsmøtet i Senterungdomen vart send til landsstyret, fylkeskontori, andre delegatar med moglegheit for delegatstatus, samt gjester den 22. september 2023. Nytt for i år er at det er opp til fylkeskontori å vidareformidla innkallingi til lokallagi.

Fylgjande informasjon vart presisert:

- Frist for innsendingar av vedtektsbrigde
- Frist for å ha årsmøte i lokallagi.
- Frist for å ha årsmøte i fylkeslagi.
- Frist for innsending av saker til landsmøtet.
- Frist for innsendingar av resolusjonar.
- Frist for påmelding til landsmøte i Senterungdomen.
- Viktigheita av at fylkeskontoret vidareformidla innkallingi til lokallagi.

Praktisk informasjon og tilgang til sakspapiri vart lagt ut på nettsidene innan 10. november, og send ut til delegatane same dag.

Forslag til vedtak: Innkallingi til det 74. Landsmøtet i Senterungdomen vert godkjend.